Fyresdal kommune

Arkiv:	38/100
Saksmappe:	2026/979-2
Saksbeh.:	Mona Gundersen
Dato:	29.10.2026

Saksframlegg

Søknad om dispensasjon for bruksendring - Molandsmoen 26 gbnr. 38/100

Utval	Utvalssak	Møtedato
Hovudutvalet for plan og miljø		

Endeleg vedtaksrett i saka har: Hovudutval for plan og miljø

Dokument i saka:

Vedlegg
1 Planteikning brakke byggesak 2013
2 Søknad.pdf
3 Situasjonskart.pdf

Bakgrunn for saka:
Sias bygg AS ved Olav Åge Askje søkjer om mellombels bruksendring av eksisterande bygg på gbnr 38/100, Molandsmoen 26. Ønskja bruk av bygget er som brakkerigg i utbyggingsperioden for datasenter.
I byggesøknaden for bygging på tomta i 2013 vart det søkt om bygging av 2 lager bygg, kor eit skulle nyttast til kontor og kvilerom rom for brøytebilsjåførar. Planteikning ligg vedlagt. Det er dette bygget det nå søkjast mellombels bruksendring for.

Vurdering:
Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; Fyresdal kommune skal forvalte og nytte areal og utmarksressursane på ein berekraftig måte

Bygget søknaden gjeld er om lag 140m^2 og inneheld opphaldsrom med kjøkken, eit bad med vask og wc, teknisk rom og 7 rom merka som lager eller disponible rom. Bygget ser ikkje ut til å halde alle krav i arbeidsplass forskriftas kap. 3 A om innkvartering av arbeidstakarar i dagens tilstand.

Vurdering etter plan- og bygningslova § 19-2
Eigedomen ligg innanfor område regulert til industri i reguleringsplan for Molandsmoen indstriområde, planid: 200402. I reguleringsføresegnene heiter det at det innanfor industriområdet kan tillatast forretnings- og kontorverksemd, fortrinnsvis slik verksemd som er knytt til produksjonen i området.
Søkt tiltak inneber mellombels bruksendring til overnatting for arbeidarar i samband med etablering av datasenter.

Kommunen må vurdere om omsyna bak reguleringsføremålet blir vesentleg tilsidesette. Føremålet med industrireguleringa er å sikre areal for nærings- og industriverksemd.

Det omsøkte tiltaket medfører ikkje etablering av ordinære bustader eller permanent bustadføremål, men ei tidsavgrensa overnattingsløysing knytt til eit større utbyggingsprosjekt i kommunen. Bygget er allereie oppført og tiltaket inneber inga fysisk utviding eller endring av bygget.
Vidare legg kommunen vekt på at bygget opphavleg vart godkjent som brakkerigg med opphalds- og kvilerom for brøytebilsjåførar. Planteikningane syner at bygget inneheld opphaldsrom og andre rom som er tilrettelagde for personopphald. Dette talar for at den omsøkte mellombelse bruken ikkje representerer ei vesentleg endring av karakteren på bygget.

Fordelane ved å gi dispensasjon er at utbygginga av datasenteret eller andre utbyggingsprosjekt får tilgang til nødvendig mellombels innkvartering for anleggspersonell, noko som kan redusere presset på den lokale bustad- og overnattingskapasiteten. Tiltaket nyttar eksisterande bygningsmasse og har avgrensa verknad for omgjevnadene.

Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil medføre vesentlege ulemper for naboar eller annan næringsverksemd i området, så lenge dispensasjonen blir avgrensa til byggeperioden og nødvendige krav til branntryggleik, sanitære forhold og tekniske krav blir oppfylte.

Konklusjon:
Etter ei samla vurdering meiner kommunen at omsyna bak reguleringsplanen ikkje blir vesentleg tilsidesette, og at fordelane ved å gi dispensasjon er klart større enn ulempene. Vilkåra for dispensasjon etter plan- og bygningslova § 19-2 er dermed oppfylte

Innstilling frå kommunedirektøren:

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 blir det gitt dispensasjon frå reguleringsføremål industri for mellombels bruk av eksisterande brakkerigg/lagerbygg på gbnr 38/100 til overnatting for anleggspersonell i samband med utbygginga av datasenteret/andre utbyggingsprosjekt i området.
Dispensasjonen gjeld for byggeperioden og fell bort når behovet for innkvartering knytt til prosjektet opphøyrer, seinast utgangen av juni 2032.

Andre nødvendige løyve og godkjenningar etter plan- og bygningslova og andre relevante lovar og forskrifter må liggje føre før bygget kan takast i bruk til overnatting.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Mona Gundersen
	avdelingsingeniør